

Årsmøteprotokoll Birtedalen sti- og løypelag 26.03.2022

Det møtte 26 stk på møtet som var på Kvipt Gjestegard.
Årsmøte, presentasjon frå Faun AS, servering av gryterett og sosialt samver.
Grunna koronapandemien blir det halde årsmøte for 3 år.



Sak1: Val av møteleiar

Framlegg: Grethe Lassemo og Sverre Valvik
Sverre Valvik blei vald

Sak 2: Val av to til å skrive under protokollen

Framlegg: Åsmund Kile og Ola Belland
Einstemmig

Sak 3: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknad

Sak 4: Årsmelding for 2019, 2020 og 2021

Sekretær las årsmeldingar for 2019, 2020 og 2021.
Ingen merknad

Sak 5: Rekneskap for 2019, 2020 og 2021 – budsjett 2022

Kasserar la fram rekneskapen for 2019, 2020 og 2021 og viste til at alle var godkjende av revisor.
Ingen merknad

Møteleiar ynskta å behandle sak 7 og 10 før budsjett på grunn av at det hadde innverknad på budsjettet.

Sak 7: Friviljug løypestønad 2023

Styrets framlegg er å endre beløpet for 2023
Friviljug stønad, kr 600,- for hytteeigaren + kr 100,- pr vaksen løypebrukar.
Vedteke

Sak 10: Godtgjering for styret

Det har ikkje vore godtgjering for styrearbeid.
Det kom framlegg på styremøte 02.03.20 om dette.
Styrets framlegg:
Godtgjering for leiar kr 10 000 på år.
Godtgjering for kasserar kr 8 000 pr år.
Vedteke

Budsjett 2022

Vedteke i balanse på kr 246 000,-.

Sak 6: Val

Møteleiar la fram valkomiteens framlegg. Sidan det ikkje har vore val på 3 år så har styret site tross at tida hadde gått ut. Sverre Valvik ynskjer å gå ut av styret.
Nytt framlegg på medlem er Venche Johansen.

Vald år	Styret 2022	På val att - årstal
2022	Grethe Lassemo	2024
2019	Leiv Birger Tovslid	2023
2019	Olav Kvipt	2023
2019	Arve Levang	2023
2022	Venche Johansen	2024
2022	Revisor, Bertil Gilberg	2024
2019	Valkomitè, John Arthur Johnsen	2023
2022	Valkomitè, Karl Petter Evensen	2024
2018	Løypeansvarleg, Stein Helge Lassemo	

Valkomiteens framlegg blei vedteke

Sak 8: Planar for 2022

Birtevatn rundt - maskinarbeid og dugnadsarbeid
Rydde eksisterande skiløypetrase for vegetasjon.

Vedteke

Sak 9: Aktivitetsplan 2022

Dato	Arrangement	Ansvarleg
18. januar	Styremøte	Leiar
26. mars	Årsmøte 2022 på Kvipt	Styret
16. april, påskeeftagen	Barneskirenn	Styret
14.mai	Dugnad	Stein Helge Lassemo
29. mai	Vandretur til hola til PatteMargit	Hans Kristian Sølyst 95839470
26. juni	Vandretur Fisketjønnskar- gapahuken til Torstein nede i Smylemoen	Thorstein Wøllestad
31.juli	Vandretur til Krokstøyl – evt opp til Jåmsfjell	Geir Tovslid 95179898
06. august	Dugnad	Stein Helge Lassemo
06. august	Basar	Aase Tovslid
13.august	Fiskekonkurrans	Rune Breivik
13.august	Brudans	Rune Breivik
September	Styremøte	Leiar

Vedteke

Sak 11: Inkomne saker

Ingen

Orientering: Monica Sølyst frå Faun AS orienterte om Kurt Hagane/Solliåsen Nord sine planar for skileikeanlegg og badeplass på Måkeskjær. Spørsmål ovenfor Birtedalen sti- og løypelag er om vi kan bli med på ei organisering slik at det kan søkast om midlar frå stiftelsar til desse anlegga. Dette blir ein sak for styret seinare.

Underskrifter:

Asmund Kile

Asmund Kile

Ola Belland

Ola Belland